

Kjem tilbake til Uskedalen og Geitadalstind.

01.05.2017



Toppturgruppe sender helsing til Uskedalen. F.v: Hazel Perrens, Petter Hobbelstad og Marten Ente.

Vi kjem definitivt tilbake til Uskedalen for både skitur og klatring. Ja, slik skriv den eine toppturgruppa, vi møtte på Låganoso i helga, i ei helsing til Uskedalen.no. Med i gruppa var: Hanzel Perrens, Peter Hobbelstad og Marten Ente. Hanzel kom like godt i ribbåt frå Stavanger til Sunde for å gå på topptur i Uskedalen.

Her kjem helsinga deira til Uskedalen:

Takk for hyggelig samtale før vi begynte toppturen opp til Geitadalstind. Det ble en fantastisk tur, og solen myknet snøen før nydelig nedkjøring. Vi måtte ta av skiene og gå siste stykket opp til fots da det ble veldig luft. Spennende ! Vi kommer definitivt tilbake til Uskedalen for både skitur og klatring. Veldig fint innlegg du har skrevet på nettsiden, med kule bilder.

Takk for fin helsing, 'gull verdt' å ta med i profileringa av Uskedalen og Ulvanoso som eit ski- og klatreeldorado.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal